



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

KUNNGJERINGAR

FREKHAUG LEGESENTER

INFLUENSAVAKSINERING

Kommunen har tilbud om influensavaksinering for personar i risikogrupperne. På vaksinedagane er personar i risikogrupperne velkomne til å møte utan timeavtale.

Oppmøte: Meland rådhus, ambulansenngangen, Frekhaug legesenter, kl. 09.30 - 14.00 følgjande dagar:

- Fredag 10. oktober
- Tysdag 14. oktober
- Onsdag 22. oktober

Utanom desse datoar vil det uansett vere høve til å få sett vaksinen hjå fastlegen. Pris: kr 120,- Følgjande grupper er definert som risikogrupper, og er anbefalt vaksine:

- Alle frå fylte 65 år
- Folk som bur i omsorgsbustad og sjukeheim.
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester)
- Personar med regelmessig kontakt med levande gris.
- Barn og vaksne med:
 - diabetes mellitus, type 1 og 2
 - kronisk luftvegssjukdom
 - kronisk hjarte-/karsykdom
 - kronisk leversvikt
 - kronisk nyresvikt
 - kronisk nevrologisk sjukdom eller skade
 - nedsett infeksjonsforsvar
 - fedme (BMI over 40)

Personar som ikkje tilhører risikogrupperne vil kunne få vaksine etter at vaksinedagane er gjennomført. Meir informasjon om influensavaksine finn ein på www.fhi.no

Kommuneoverlegen i Meland

SPØRJETIME 19. NOVEMBER

Det blir spørjetime i kommunestyret onsdag 19.11.14, kl. 17.00, i Meland rådhus. Dei som ønskjer utfyllande svar må melde spørsmåla skriftleg til ordførar seinast ei veke før møtet.

Spørsmål kan sendast til postmottak@meland.kommune.no eller Meland kommune, Pb 79, 5906 Frekhaug.

TENESTEOMRÅDE KULTUR

Folkefest - Grunnlovsjubileet 1814 - 2014

Du som innbyggjar i Meland kommune er invitert til folkefest den 7. november kl. 19.00 i Storstova på Nordhordland folkehøgskule. Det blir foredrag ved professor Frank Aarebrot, innslag ved Melandsrevyen, Meland Musikklag spelar og song ved Songkoret Vågen. Alle er hjarteleg velkomne!

Ungdomsråd i Meland

Lag, organisasjonar og bedrifter kan no nominere ungdom som er i vidaregåande skulealder og busett i Meland til å vere representantar i Ungdomsrådet. Ta kontakt med kulturavdelinga ved Eirik Utne tlf. 56 17 10 59.

Meland bibliotek

Meland bibliotek ønskjer velkomen til:

Eventyrstund 7. oktober kl. 10.30

Måleriutstilling med Eli Raa Nilsen, opning 25. oktober kl. 12.00, diktlesing av Per Olav Kaldestad

Nordhordland Litterære Selskap har møte på Lindås bibliotek, Knarvik 30.10 kl. 19.00, der vi skal samtale om boka til Carl Frode Tiller: Innsirkling, sjå blogg: <http://nordhordlandlitteratur.blogspot.no/>

Biblioteket vil og minne om barnehagebloggen Les for meg no! Ein blogg med lesetips for førskulebarn <http://barnehagebibliotek.blogspot.no/>

FRIVILLIGSENTRALEN

Besøksven

Har du lyst å bli besøksven, eller har du lyst å ha ein besøksven? Likar du å gå tur, lese høgt, besøke eller få besøk, være med på ein aktivitet saman med nokon? Det er mange ting i kvardagen som er kjekt å gjere saman med andre.

Kontakt: e-post: besokstjenesten@nhrk.no
Tlf.: 56 17 10 66 (Frivilligsentralen)

Dataklubb for pensjonistar

Klubben er for deg som vil læra litt meir om data og for deg som vil dela det du kan med andre. Ein treffstad der du kan øva deg på å bruke data.

Stad: Eldresenteret på Frekhaug
Tid: måndagar frå kl. 12.00 - 14.00

Ta med eigen maskin om du har. Om ikkje har vi nokon til utlån.

Vel møtt til dataklubb!

Arrangør: Meland Helselag, Meland Frivilligsentral

MELAND KULTURSKULE

Velkomen til komposisjonsverkstad

18. - 19. oktober og 25. - 26. oktober

VIL DU VERE MED Å KOMPONERE MUSIKK?

Korleis lagar du eigen musikk? Korleis arbeider du fram eit musikkstykke ut frå dine egne tankar og idear?

Kulturskulane i Nordhordland har fått med seg komponist og saksofonist Webjørn Sæther og musikk lærar Sturle Berntsen i Knarvik desse to helgene for å lære Nordhordlandsungdommen meir om korleis ein komponerer musikk. Kursdeltakarane vil læra om ulike måtar komponist kan arbeide på, og vi vil komme innom tema som bruk av skala, tematisk bearbeiding, form og tekstur.

Du bruker ditt eige instrument (eller songstemme) til å komponere saman med dei andre kursdeltakarane og verket vi skapar saman vert framført som avslutning av kurset - det er difor viktig at deltakarane set av begge helgene. Det er avgrensa med plassar. Samlingane finn stad i Knarvik.

Kurset er gratis og ope for alle mellom 10 og 18 år og du treng ikkje ha nokon forkunnskap om det å komponere.

For meir informasjon og påmelding, ta kontakt med kulturskulen, tlf. 5617 1064 eller e-post kulturskulen@meland.kommune.no

Påmelding innan 3. oktober.

Meland kulturskule har ledige plassar på danseleik for 4 og 5-åringar

Meland kulturskule har nokre få ledige plassar på danseleik torsdagar kl. 16.30 - 17.15 i kultursalen i Meland Aktiv. Barna får læra ulike danse- og songleikar. Undervis-

inga vektlegg at barna skal få utforske store, små, høge, låge, sprettande og langsame rørsler til musikk. Lyst å vere med? Det er og høve for barn frå andre kommunar å ta del.

Ein elevplass i kulturskulen kostar kr. 1.500,- per semester (kr. 3.000,- i året). 25%/50% søskenrabatt. Påmelding på www.meland.kommune.no. For meir informasjon, ta kontakt på tlf. 56 17 10 64 eller e-post: kulturskulen@meland.kommune.no

Plan, utbygging og komunalteknikk

ENDRING AV UTBYGGINGSAVTALE

Mjåtveitmarka - planID 1256 2006 0002

Varsel om endring av utbyggingsavtale for gjennomføring av bustadfeltet Mjåtveitmarka på Frekhaug, jf plan- og bygningslova kap.17. Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er sett til 01.11.2014.

Merknader eller innspel må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, Pb. 79, 5906 Frekhaug, eller postmottak@meland.kommune.no

LEDIG BRØYTERODE

Meland kommune har ein ledig brøyterode i Frekhaug - området. Den som vert engasjert, må ha traktor med frontlesar eller plogløfter sjølv. Kommunen har brøyteskjær som vert lånt ut til den som vert engasjert. Godtgjersle etter regulativ. For meir informasjon, ta kontakt med oppsynsmann Egil Gripsgård, tlf. 91 87 01 57.

Søknaden kan sendast til:

Meland kommune - Kommunalavdeling for plan, utbygging og kommunalteknikk, Pb. 79, 5906 Frekhaug.

Søknadsfrist: 19.10.2014

LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no, under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

Meland sjukeheim:

Kjøkkensjef/kokk - 100% fast stilling
Helsefagarbeidar - 75% fast stilling
Sjukepleiar - 71% vikariat

Meland heimeteneste:

Helsefagarbeidar - 68,8% fast stilling
Helsefagarbeidar - 80% vikariat

Søknadsfrist 19.10.2014

Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider: www.meland.kommune.no

Tilkallingsvikarar

Meland heimeteneste har stort behov for tilkallingsvikarar. For nærare informasjon, ta kontakt med Britt Romarheim tlf. 56171210.

OPNE MØTER oktober/november 2014

		Dato	Kl.	Møtestad
Utval for drift og utbygging	Tysdag	14.10	16.00	Formannskapsalen
Fellesrådet	Torsdag	09.10	14.00	Formannskapsalen
Formannskap	Onsdag	15.10	14.00	Formannskapsalen
Kommunestyret	Onsdag	15.10	17.00	Kantina
Kommunestyret	Måndag	03.11	17.00	Kantina
Utval for levekår	Tysdag	04.11	16.00	Formannskapsalen

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommune-lova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta.

Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no